

# **Plan for kyrkjemusikk**

## **Forord**

Visjonen til Den norske kyrkja er å vere ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje (KM 06/04, ev. KM 08/08).

Denne planen handlar om musikken si rolle i kyrkja. Planen er retningsgivande for det arbeidet med kyrkjemusikk som skjer i dei lokale kyrkjene. Planen går inn i ein serie planar og reformer vedtekne av Kyrkjemøtet. Samla legg dette til rette for ein heilskapleg lokal strategi. Det er første gongen Kyrkjemøtet vedtek ein plan for kyrkjemusikk, og ein vonar at planen blir ein nyttig reiskap for arbeidet lokalt.

Hovudføremålet med denne planen er å styrkje og sikre det kyrkjemusikalske livet i dei lokale kyrkjelydane og kyrkja si formidling av tradisjonell og ny kyrkjemusikk. Dette er ein rammeplan som gir kyrkjelydane eit verktøy til å utarbeide ein lokal kyrkjemusikkplan. Planen rettar seg i første rekkje mot dei som har ansvar for kyrkjemusikk lokalt, særleg til sokneråd, fellesråd og tilsette innanfor kyrkjemusikk, men òg mot andre som er opptekne av musikklivet i kyrkja.

Kyrkjerådet oppnemnde i februar 2007 ei gruppe til å arbeide med planen. Gruppa har hatt Dag Landmark som leiar. I tillegg har Arne Dag Kvamsøe, Trond Dahlen, Henny Koppen, Liv Mæsel Rundberg, Gunhild Terese Vignes og Anders Hovin vore med. Øyvind Meling har vore sekretær.

## Innhald

Forord .....	2
Kapittel 1: Definisjon og innleiing .....	4
Kapittel 2: Kyrkjemusikk – det teologiske grunnlaget.....	4
2.1 Grunnlag i skapartrua .....	4
2.2 Musikk i kyrkja .....	5
2.3 Breidd og kvalitet .....	5
2.4 Kyrkjemusikk i samisk perspektiv .....	6
2.5 Musikk og funksjon.....	7
Kapittel 3: Musikalsk verksemd i kyrkjelyden .....	8
3.1 Innleiing .....	8
3.2 Gudstenester og kyrkjelege handlingar .....	8
3.3 Korverksemd .....	9
3.4 Skule, barnehage og kulturskule .....	10
3.5 Kyrkja som konsertarena.....	11
3.6 Instrument og bemanning .....	12
Kapittel 4: Kyrkjemusikk i praksis – lokalt planarbeid.....	13
4.1 Innleiing .....	13
4.2 Gudstenester og kyrkjelege handlingar .....	14
4.3 Korverksemd .....	15
4.4 Samarbeid med barnehage, skule og kulturskule .....	15
4.5 Konsertar .....	16
4.6 Instrument og bemanning.....	16

## **Kapittel 1: Definisjon og innleiing**

**Kyrkjemusikken sameinar eit åndeleg og eit musikalsk siktemål. Kyrkjemusikken tolkar og formidlar kristen tru. Han er kyrkjelyden sitt felles svar på Guds tiltale og har som oppgåve å støtte og gi næring til det åndelege livet i kyrkjelyden.**

Kyrkja er ein stad der ein syng og spelar for den treeinige Gud. Kyrkjemusikken kjem til uttrykk på ulike måtar: i gudstenester og kyrkjelege handlingar, i korverksemd og konsertar og i ulik pedagogisk verksemd.

Den norske kyrkja er ein av dei største aktørane innanfor kunst og kultur i det norske samfunnet. På den eine sida er kyrkja ein stor kulturleverandør gjennom det omfattande arbeidet ho driv, og på den andre sida tek ho imot impulsar frå det som skjer i samfunnet og i den verdsvide kyrkja. Dette er med på å forme kyrkja sitt uttrykk innanfor kunst og kultur. I kyrkjelydane finn vi eit breitt spekter av kulturelle tradisjonar: kunsthåndverk, arkitektur, biletkunst, ordkunst og skapande og utøvande formidling av musikk. Til denne rike arven høyrer òg dei religiøse folketonane og stemmer frå den samiske kyrkja, med sin livsrytme og kvardag.

Planen føreset at det i alle kyrkjelydar er tilsett kantor eller organist for å ta hand om det musikalske livet i kyrkjelyden. Kyrkja har vedteke tenesteordning for og kompetansekrav til kantorar for å sikre høg fagleg kompetanse i dette arbeidet. Mange stader er det ikkje tilsett kvalifisert kantor. Det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjelydane blir såleis ulikt frå stad til stad, både i omfang og breidd.

I denne planen blir omgrepet kyrkjemusikar brukt. Det omfattar alle tilsette innanfor kyrkjemusikk, uavhengig av utdanning eller stillingstype. I arbeidet med dei lokale planane for kyrkjemusikk må ein ta omsyn til den kompetansen som dei aktuelle kyrkjemusikarane har.

## **Kapittel 2: Kyrkjemusikk – det teologiske grunnlaget**

### **2.1 Grunnlag i skapartrua**

Kyrkja si truvedkjenning lovprisar Gud som skapar av alle ting. Skrifta lærer oss at mennesket, skapt i Guds bilete, er forvaltar av hans gode gåver. Heile skaparverket er fylt med tonar og rytmar som kan erkjennast gjennom sansane: menneskestemma, lyden frå vind og vêr, dyr og fuglar. Alt utgjer eit kor som lovprisar Herren.

*”Alt som har ande, skal lova Herren. Halleluja!” (Salme 150,6).*

Når mennesket spelar, syng og leikar, lyttar det til lyden frå skaparverket, gir denne lyden form og tek på den måten imot Guds gåver. Slik blir vi Guds medskaparar. Kyrkja forstår difor all kunst og kreativitet som ein del av forvaltaroppdraget. Når vi utfaldar oss musikalsk, er det både til ære for Gud og til gagn og glede for kvarandre. Alt Gud har skapt, vitnar om hans stordom og herlegdom. Det lèt oss ane at Gud finst.

Både lovsongen og klaga er svar frå oss til den treeinige Guds handlingar i skaparverket, i historia, i kyrkjelyden og i livet til den enkelte av oss.

Å skape og lytte til musikk kan gi eit møte med det heilage i eit anna språk enn det som ord og tanke kan romme. Musikk og andre kulturelle uttrykk har, i lys av kristen skapartru, ein verdi i seg sjølv og gir ei felles plattform for å uttrykkje eit breitt spekter av livserfaringar.

## 2.2 Musikk i kyrkja

Guds folk er eit folk som syng, spelar og dansar. Musikken har hatt sin naturlege plass i kyrkja gjennom alle tider. I Det gamle testamentet finn vi talrike referansar til musikk. I den unge kyrkja si gudsteneste blir gudsrikefellesskapen synleg som eit syngjande folk:

*”... og syng saman med salmar og hymner og åndelege songar. Syng og spel av hjartet for Herren!” (Ef. 5,19)*

Musikken i gudstenesta er ein kommunikasjon med fleire dimensjonar. Gud møter oss gjennom musikken for å gi oss Ordet og Anden, som skaper tru, von og kjærleik. Vi vender oss til Gud når kroppen, stemma og instrumenta vi har, tek del i bøn og lovprising og i forkynninga av hans velgjerningar. Heile kyrkja tek del i dette lovprisingsofferet, kvar ut frå sine gåver. Gjennom dette blir menneske bundne saman i ein fellesskap.

At musikk er ein heilt vesentleg del av kyrkja sitt liv i vår tid og i vår kyrkje, kjem òg til uttrykk ved at kyrkja kallar og tilset særleg utrusta personar til teneste som kyrkjemusikarar. Kantorar blir vanlegvis vigsla til teneste under bøn og handspålegging, til ”leiar av songen og musikken i Herrens hus, til ære for Gud og oppbygging av Kristi lekam.” (frå liturgien for vigsling av kantorar). Tenesteordninga legg til grunn at kantoren leier den musikalske verksemda i kyrkjelyden og har medansvar for å rekruttere, utruste og rettleie frivillige medarbeidarar.

I tenesta si forvaltar kyrkjemusikaren heile kyrkja sitt vide tilfang av musikk. Det skjer gjennom eiga utøving, samhandling med kor og musikarar, ved at han eller ho skaper noko nytt, til dømes gjennom å komponere og arrangere, og ved å gi opplæring. Musikk i kyrkja handlar om å ta i bruk og utvikle dei musikalske evnene eller gåvene som finst i kyrkjelyden.

## 2.3 Breidd og kvalitet

Tenesteordninga for kantorar peikar på at kantorane skal vere med og forvalte og gjere levande tradisjonelle og nye kyrkjemusikalske verdiar og syte for breidd og kvalitet i det kyrkjemusikalske og kulturelle arbeidet i kyrkjelyden. Dette er eit overordna mål for det musikalske arbeidet, og det er retningsgivande for alle som er engasjerte i kyrkjemusikken.

Den kyrkjemusikalske verksemda i Den norske kyrkja har røter i gudstenestefeiringa.

Samlinga om ord og sakrament har gjennom hundreåra funne ei form prega av både felleskyrkjelege, nasjonalkyrkjelege og lokalkyrkjelege kulturelle uttrykk.

Spesielle tradisjonstrekk i vår kyrkje er den lutherske og reformatoriske vektlegginga av salmar og songar på morsmålet, orgelet og orgelkunsten si utvikling gjennom hundreåra, norske religiøse folketonar og den samiske tonekunsten.

I løpet av 1900-talet har fleire utviklingstrekk prega kyrkjemusikken: eit større mangfald i instrumentbruk, musikk og liturgiar frå store deler av verda, stort tilfang av nye salme- og songtekstar og gradvis aksept av fleire kunststartar, til dømes dans og visuelle uttrykk. I den seinare tida har samtidsmusikk og nyare musikkformer gitt kyrkjemusikken endå større spennvidd.

Domkyrkjene har ei særskild oppgåve i å syte for både tradisjon og fornying i det kyrkjemusikalske arbeidet. Domkyrkjene er eit kyrkjemusikalsk kraftsentrum som er til stor inspirasjon for dei ulike lokale kyrkjelydane i bispedømet. Mange stader har bispedømet teke ansvar for fagleg utvikling av kyrkemusikarar i tilknytning til domkyrkja. Ei slik ordning er det behov for i alle bispedøme.

Når Den norske kyrkja har begynt å lære av den rikdomen vi har tett på oss i arven frå den samiske tradisjonen, kan dette inspirere kyrkjelydane også utanfor dei tradisjonelle samiske områda.

Musikk frå alle kantar av verda påverkar oss, og det blir stadig vanskelegare å definere kva som høyrer til den felles musikalske referanseramma vår.

Den norske kyrkja ønskjer å leggje til rette for stor variasjon. Det kan gjere musikklivet rikare. Samstundes utfordrar det alle som er involverte i det musikalske arbeidet i kyrkja, til å halde saman både tradisjon og fornying i ein heilskap av kvalitet.

Omgrepet ”kvalitet” kan fyllast med ulike verdiar og er såleis ikkje definert ein gong for alle. Ein god og konstruktiv samtale om kvalitet fører oss nærare felles referansar til omgrepet. Ein slik samtale er nødvendig på alle plan i kyrkja, slik at kvalitetsomgrepet kan bli ein nyttig reiskap i det kyrkjemusikalske arbeidet.

Kvalitet kan ikkje bestemast berre ut frå subjektive oppfatningar eller knytast eksklusivt til ein bestemt type musikk. Ein kan heller ikkje oppfatte kvalitet einsidig ut frå kva som fyller eit behov, eller kva som kan seljast. Musikken si evne til å kommunisere med menneske er heilt klart eit aspekt ved kvalitetsomgrepet, men ikkje nok til å fortelje oss alt om kvaliteten i eit musikkstykke. Slitestyrke over tid kan gi ein peikepinn om kva slags musikk som held mål kvalitetsmessig.

Spennet frå eldre kyrkjemusikk og fram til vår eiga tid har gitt kyrkja eit skattkammer som ho har plikt på seg til å forvalte. Kyrkjemusikken si kulturelle oppgåve er å gjere heile denne tradisjonen levande og gi desse skattane vidare til stadig nye generasjonar.

## **2.4 Kyrkjemusikk i samisk perspektiv**

Samiske musikktradisjonar spenner frå joik og salmesong til moderne, samisk musikk. Dei tre samiske språkgruppene, nord-, lule- og sørsamisk, har ulike tradisjonar og språk. Den norske kyrkja ønskjer i dag å ha eit sterkt medvit om at mangfaldet i samisk kultur- og musikkliv skal få utfalde seg og utvikle seg også innanfor kyrkja.

Salmesongen står sterkt i dei samiske kyrkjelydane. Ved sida av stoffet som er felles med kyrkja elles, finst det også egne samiske melodiar, særleg til dei åndelege songane. Ofte er dette samiske variantar av kjende tonar, tilpassa samisk tonekjensle og musikkformer som elles er kjende frå joik og samisk tradisjonsmusikk. Salmesongen har i mange av dei samiskdominerte kyrkjelydane vore framført utan tonefølgje. Dermed har melodiane fått utvikle seg i spennande variantar med lokalt særpreg.

Det fleirkulturelle samfunnet gir inspirasjon også til samisk kyrkjeliv, men legg samstundes press på dei tradisjonelle verdiane som finst i samiske lokalsamfunn. Den samiske kyrkja arbeider for å styrkje identiteten sin, slik at ein kan bevare og revitalisere kyrkjemusikken ut frå dei lokale tradisjonane. Salmeval og instrumentbruk må tilpassast lokale tradisjonar og ønskemål. Det er ei sentral oppgåve å halde fram med det gode arbeidet som er i gang når det gjeld å utvikle nytt salme- og liturgistoff som har i seg det særeigne samiske biletspråket og dei joikinspirerte melodiane.

Også i samiske busetjingsområde utanfor dei samiske kjerneområda bør kyrkjelydane gi rom for samisk tradisjon og identitet i det kyrkjemusikalske livet. Det er òg eit mål å gjere ikkje-samar kjende med verdiane i den samiske musikktradisjonen ved å ta i bruk dei samiske salmane og liturgiane som finst i salmebøkene, og gi samisk musikk plass og merksemd i gudstenesta. Også i andre kyrkjelydar er dette ei oppgåve. Kyrkja skal vere ein tilretteleggjar for samisk kyrkjemusikk, på ein måte som reflekterer den kulturelle ståstaden og det åndelege livet.

## 2.5 Musikk og funksjon

Kyrkja sitt oppdrag er gitt gjennom evangeliet, forteljinga om brua mellom jord og himmel, Gud og menneske: Kristus. I dette oppdraget har musikken ein heilt sentral funksjon. Kyrkja sin musikk byggjer bruer gjennom å opne sinn og tankar for Guds mysterium og gjennom å formidle og kommunisere evangeliet. Musikken set kyrkja i stand til å nå lenger i kommunikasjonen sin enn orda åleine. Han har evna til å understreke og forløyse annan kommunikasjon, slik at budskapet når lenger. Slik er kyrkjemusikken ein viktig formidlar av trua.

*”Eg skjemst ikkje over å seie det offentleg at nest etter teologien finst det ikkje nokon kunstart som kan måle seg med musikken. Berre musikken kan skape det som teologien på anna vis gjer, nemleg å gi ro og glede til menneskesjela.” (Martin Luther)*

Musikk har evne til å binde seg til menneskelege kjensler og erfaringar. Han kan bere glede og sorg, opne for kunnskap og ettertanke og uttrykkje det som ikkje kan seiast med ord. Musikken fører oss i kontakt med djupe livstema som krefter og avmakt, glede og smerte, liv og død. Han kan formidle håp og restituering frå kjelder utanfor oss sjølve.

Musikk byggjer bruer mellom kyrkja og samfunnet elles, gjennom samhandling og kulturutfolding på tvers av sjangrar og tradisjonar.

Musikken har som siktemål å skape samhald mellom dei som framfører musikken, røre ved dei som lyttar, og skape ulike former for samhandling mellom utøvarar og tilhøyrarar.

## **Kapittel 3: Musikalsk verksemd i kyrkjelyden**

### **3.1 Innleiing**

Til grunn for kyrkjelyden sitt musikalske liv ligg visjonen om at musikken gjer livet rikare, djupare og meir fargerikt. Det gjeld òg det livet som utfaldar seg i kyrkja. Kyrkja er ein del av samfunnet og har mellom anna som oppdrag å byggje gode relasjonar. Kyrkjemusikken er ein ressurs på fleire område:

#### **Trusopplæringsperspektiv**

Trusopplæringa i Den norske kyrkja skal sikre at alle døypte mellom 0 og 18 år får systematisk opplæring i den kristne trua.

Det er eit kjenneteikn ved kyrkja som læringsstad at ho rår over eit mangfald av uttrykks- og samværsformer som inneber læringspotensial. Kyrkjemusikk- og kulturverksemd gir eit godt grunnlag for at barn og unge kan være deltakarar og ressursar for kyrkjelyden som lærande fellesskap, og denne fellesskapen er ein god arena for læring av bibeltekstar, liturgi og salmar.

#### **Diakonalt og inkluderande perspektiv**

Musikk i eit diakonalt perspektiv handlar om å vere til hjelp i ulike fasar av livet, til trøyst og oppmuntring i sorg, og til glede i gode tider. Songen og musikken har ein viktig funksjon på institusjonar, for menneske som ikkje lenger har eit verbalt språk å uttrykkje seg med. I musikken møter dei noko gjenkjenneleg, som ofte kommuniserer betre enn ord og tale.

Musikk har evne til å inkludere menneske med ulik bakgrunn og med ulike føresetnader og funksjonsnivå. Gjennom musikalsk arbeid som korarbeid, instrumentale ensemble, lovsongsteam og grupper for spedbarnsong eller song for småbarn, musikal- og konsertprosjekt er musikken med på å styrkje fellesskapen mellom menneske i kyrkjelyden. Øvingar, bandseminar og korhelgar fører folk saman og skaper relasjonar mellom dei som er med. I sine beste stunder sameinar kyrkjemusikken dei deltakande i samstemt tilbeding og oppleving.

#### **Kulturelt perspektiv**

Musikk byggjer bruer mellom kulturar. Når kyrkjelyden tek i bruk nye og framande musikalske uttrykksformer, blir musikken ein viktig del av det interkulturelle arbeidet. Musikken er med på å skape forståing og respekt og bryte ned fordommar mot andre kulturar. Musikken kan òg vere med på å byggje bruer mellom generasjonar gjennom å skape møtestader for menneske i ulike fasar av livet. Konflikstar som kan oppstå når ulike musikktradisjonar møtest, må ein prøve å løyse gjennom samtalar.

#### **Profetisk perspektiv**

Musikken byggjer ikkje berre bruer. Han kan vere den kritiske røysta inn i kyrkjelyden, der han lyftar fram det menneskelege, protesten, det venta eller det svake. Musikk kan krevje at vi stoppar opp og tek stilling. Også den røysta høyrer med og gjer både livet og musikken rikare.

### **3.2 Gudstenester og kyrkjelege handlingar**

Den kristne kyrkja er ei syngjande kyrkje. På ein særleg måte har den lutherske kyrkja ein kyrkjemusikalsk arv i form av salmar og songar som blir brukte ved gudstenester og kyrkjelege handlingar. I salmebøkene finn vi eit mangfald av tekstar og musikk som speglar



kristen tru gjennom mange hundre år og fram til vår tid. Salmeskatten vår er ei kjelde til inspirasjon og fordjuping. Det er ei kontinuerleg utfordring å skape nye uttrykk for gudstrua i samtida gjennom song.

Den gudstenestefeirande kyrkjelyden må få høve og motivasjon til å ta heilhjerta del i gudstenesta. Ikkje alle gudstenestedeltakarar kjenner liturgien og eit breitt repertoar av salmar. Her kan eit pedagogiske grep vere å bruke forsongarar når ein skal presentere nytt materiale. På den måten kan ein utvikle eit breiare musikalsk liv i kyrkjelyden.

Ved vigslar og gravferder blir det ofte gjort tradisjonelle val av salmar og musikk. I mange høve ønskjer dei pårørande eller brudeparet musikalske og verbale innslag som gir den gudstenestlege handlinga personleg nærleik og særpreg. Dette kan skje gjennom ulike former for musikalsk medverknad frå kyrkjemusikaren eller andre. Her har kyrkjemusikaren ein oppgåve i å gi rettleiing om kva som høver i den aktuelle samanhengen.

### *Utfordringar*

- Halde oppe eit felles salmerekertoar ved å lage ein salmekanon for kyrkjelyden
- Arbeide med balansen mellom kjent og ukjent materiale i gudstenesta, slik at dei som er med, opplever at dei blir involverte
- Lage rutinar for godt samarbeid, slik at kyrkjelege handlingar kan halde på sin eigen profil, samstundes som ein legg til rette for samspel mellom tilsette og til dømes pårørande og brudepar

## **3.3 Korverksemd**

Korsongen er ei av dei største frivillige rørsle innnanfor kyrkja og er eit kjerneområde i det kyrkjemusikalske livet i soknet. I den kyrkjelege kulturmeldinga "Kunsten å være kirke" heiter det: "Kirken må i ord og handling vise at den verdsetter korvirksomhet som menighets- og kulturarbeid" (s. 218).

Korrørsla femner om ulike typar av kor, frå kantorigrupper og kyrkjekor for vaksne til ungdomskor, barnekor, konfirmantkor og familiekor med ulik musikalsk profil. Ein kan òg nemne spedbarnsong og songgrupper for småbarn i denne samanhengen. Gjennom regelmessige øvingar, gudstenester og konsertar gir koret i kyrkjelyden rom for ei opplevingsorientert, skapande og interaktiv trusopplæring for barn, unge og vaksne.

Kor som medverkar i gudstenesta, tilfører ei kunstnarleg og estetisk erfaring som opnar for kommunikasjon og deltaking. Det skjer ved at koret støttar fellessongen åleine eller saman med orgelet og andre instrument, og ved at det saman med og på vegner av kyrkjelyden framfører liturgisk songmateriale som støttar bodskapen i gudstenesta.

Koret er òg ein arena for sosial fellesskap og ei øving i samhandling. Korarbeidet er ein open fellesskap i den lokale kyrkjelyden og byggjer gode relasjonar mellom dei som er med.

I tillegg til dei kora som organisatorisk er ein del av verksemda til kyrkja, samarbeider kyrkjelyden òg naturleg med andre kor og musikarar i lokalmiljøet. Det gjeld dei som ønskjer å ta del i gudstenester eller nytte kyrkja som konsertarena. Samarbeid med lokalt musikkliv gir dei ulike samarbeidspartane ei erfaring av å høyre til i kyrkja, samstundes som det gjer det kyrkjemusikalske livet rikare. Kyrkjemusikaren eller ein frivillig korleiar er heilt sentral i

dette arbeidet. Eit godt korarbeid heng saman med gode leiarevner. Evna til å samle frivillige om eit felles mål og å skape begeistring og arbeidsglede, er avgjerande.

### *Utfordringar*

- Korsong er samhandling under kunnig leiing. Prioritering av stillingsressursar til korleing er viktig for å vidareutvikle og styrkje korsongen i kyrkjelyden.
- Korarbeid er tidkrevjande. Innstudering av repertoar og arbeid med stemmebruk og tonedanning er prosessar som krev tolmod, engasjement og kompetanse.
- Gudstenestelivet er i endring, med nye liturgiar og salmebøker. La kyrkjekora spele ei viktig rolle i å hjelpe kyrkjelyden til å ta i bruk nytt materiale.
- Innarbeide korverksemd som ein del av trusopplæringa i kyrkjelyden
- Invitere andre kor til samarbeid i lokalmiljøet om konsertar og gudstenesteverksemd

## **3.4 Skule, barnehage og kulturskule**

Samarbeidet mellom kyrkja og skular og barnehagar i lokalsamfunnet har ein lang tradisjon og er eit viktig aktivitetsområde i kyrkjelyden. Det kan vere markering av høgtidene, spesielle gudstenester, kyrkjebesøk, ”julevandringar”/”kyrkjevandringar” eller deltaking i samlingsstunder. Utforsking av kunst og inventar i kyrkjebygget, ikkje minst orgelet, er eit anna viktig område.

Kommunale kulturskular er naturlege samarbeidspartnarar for kyrkja, ved at lærarar og elevar ved skulen blir inviterte til å vere med under gudstenester og til å bruke kyrkja som konsertlokale. Kyrkjemusikaren kan vere ein medspelar når det gjeld opplæring av barn i song og i orgel- og klaverspel. I tillegg til eigenverdien dette har, kan det leggje grunnlag for rekruttering til kyrkjemusikarteneste.

### *Utfordringar*

- Kyrkjemusikar og andre tilsette i kyrkjelyden må ha ein tidsressurs som er stor nok til aktiv deltaking i det viktige samarbeidet med grunnskular, barnehagar og kulturskular.
- Vere aktiv når det gjeld å invitere desse institusjonane til samarbeid mellom anna innanfor fag med opplæring i kristendom (salme- og songstoff), kunst og handverk (kyrkjebygget, kunst og arkitektur), musikk (presentasjon av orgelet, andre instrument og musikk for desse instrumenta)
- Saman med skulane leggje ein plan for kyrkjebesøk som del av skulane sin årsplan
- Invitere til samarbeid innanfor ”prosjektarbeid”, til dømes musikalproduksjonar og kyrkjespel
- Ta initiativ til å utvikle program som kan presenterast i regi av Den kulturelle skulesekken. Kyrkjemusikarar kan i mange tilfelle vere verdfulle bidragsytarar til å gjere kyrkjelege kulturuttrykk tilgjengelege for skuleelevar gjennom profesjonelt tilpassa framføringar.
- Kyrkjemusikaren kan gi orgelundervisning som ein del av stillinga si og samarbeide med kulturskulen om ein ”orgelklubb”.

### 3.5 Kyrkja som konsertarena

Kyrkjeromma representerer nokre av dei mest attraktive konsertlokala vi har. Mange stader er den lokale kyrkja det einaste eller det beste lokalet for konsertar. Dette er ein stor ressurs for mange kyrkjelydar. Mange menneske finn kvart år vegen til kyrkja i samband med ulike konsertar og andre kulturelle arrangement.

Kyrkja har lang tradisjon for sjølv å vere konsertarrangør. Ho har ein rik tradisjon å ta av i dette arbeidet, og gjennom denne tradisjonen kan ein òg i framtida gjere levande og ta vare på heile breidda av kyrkjemusikk.

Det er viktig med dialog mellom soknerådet og kyrkjemusikaren når spørsmål om utleige av kyrkja skal drøftast. Kantoren skal i tråd med ”Kvalifikasjonskrav og tjenesteordning for kantorer” utføre ”rådgivning for menighetsrådet i kirkemusikalske spørsmål”. Det er soknerådet som har avgjerdsrett ved utleie av kyrkja.

I gjeldande regelverk for bruk av kyrkja heiter det: ”Det som foregår i kirken, skal ikke være preget av restriksjoner og forsiktighet, men av gudstjenesteliv, gudsopplevelse, engasjement og framtidshåp, der evangeliets trøst, varme og fellesskap blir formidlet i sorg og glede.” Desse reglane omfattar sjølve kyrkjerommet. Kva som skjer i kyrkjelydssalen, peisestova, arbeidsrom og grupperom, fell utanfor dette regelverket. Soknerådet avgjer kva for reglar som skal gjelde for andre rom enn kyrkjerommet.

Kyrkja skal vere tydeleg på at kyrkjerommet er eit vigsla rom og dermed annleis enn andre konsertlokale. Det som skjer i kyrkja, har eit overordna mål: Å ære Gud og byggje opp kyrkjelyden. Konsertar og andre kulturelle arrangement i kyrkja må setjast inn i ei ramme som viser at dette er siktemålet. Innanfor desse rammene er det rom for både store gledesutbrot, håp, tru, fortvilning, opprør – ja, alle menneskelege ytringar, formidla med ulike kunstnarlege verkemiddel.

”Kunsten å være kirke”, vart handsama på Kyrkjemøtet i 2005. I vedtaket vart alle kyrkjelydar i landet oppmoda om å byggje nettverk og gi rom for det kulturelle mangfaldet, slik at kyrkja kan vere ein offensiv kulturberar som tek i bruk eit breitt spekter av kunstformer og medium. Kyrkjemøtet slutta seg til meldinga sin invitasjon til kunstnarar om å arbeide med kulturuttrykk sine i ein kyrkjelig samanheng og framheva òg den store verdien kunstfagleg kompetanse har i kyrkja sitt liv. Det vart understreka at den profesjonelle og amatørbaserte kulturutfoldinga forsterkar kvarandre. Kyrkjelydane er gjennom dette vedtaket oppmoda til framleis å leggje til rette for ein omfattande frivillig kulturaktivitet. Andre målsetjingar er at kyrkja opnar for ein større variasjon av kulturuttrykk, og at ulike kulturaktørar med frimod skal kunne vende seg til kyrkjelydane med tanke på å presentere kunsten sin i ein kyrkjeleg samanheng. Desse utfordringane gjeld kulturarbeidet i heile kyrkjelyden, der det kyrkjemusikalske livet gjennom gudstenester og konsertar er heilt sentrale område.

#### *Utfordringar*

- Lage ein strategi for korleis kyrkjelyden kan leggje til rette for at det blir gitt eit breitt tilbod om kulturarrangement i kyrkjeleg regi
- Utarbeide retningslinjer for utleige til arrangørar av ulike kulturaktivitetar i kyrkja sine lokale

## 3.6 Instrument og bemanning

### Orgelet og andre instrument

Songstemma er kyrkja sitt viktigaste instrument. Det er tradisjon for å støtte songen i gudstenesta med instrumentalmusikk, og då særleg ved hjelp av orgelet. Dei fleste kyrkjebygga i Noreg er utstyrte med pipeorgel. Mange av desse orgla eignar seg også svært godt til konsertbruk. Orgelet har ein tradisjon og ei utbreiing som har gitt det ein sentral plass i kyrkjelyden sitt liv. Det er eit av dei fremste kulturelle varemerka til kyrkja. Med den store spennvidda orgelet har når det gjeld klang, har det vist seg veileigna til ei lang rekkje musikalske oppgåver. Orgelet åleine kan uttrykkje stor musikalsk variasjon.

Eit orgel blir tilpassa rommet det skal stå i, og er såleis ikkje eit masseprodusert instrument. Orgel blir bygde svært ulike med omsyn til stemmer, klangfarge og dynamisk spenn. Instrumentet skal eigne seg til liturgisk bruk. Det skal støtte kyrkjelydssongen og dekkje ulike behov for akkompagnement.

Ved at stadig fleire stilartar får kome til uttrykk i kyrkjerommet, blir det i aukande grad nytta andre instrument enn orgel ved gudstenester, kyrkjelege handlingar og konsertar. Desse instrumenta blir brukte både i samspel med orgelet og i staden for orgelet. Opp gjennom historia har det i kyrkja vore ulike haldningar til bruk av ulike instrument i kyrkjerommet. Denne planen legg til grunn at alle instrument kan brukast. Det er viktig å kunne velje eit musikalsk verktøy som gir musikken karakter og truverde. Til dette trengst velfungerande instrument.

Alle instrument treng vedlikehald for å fungere godt. For å halde oppe kvaliteten er det nødvendig med ein plan og budsjettmidlar for regelmessig vedlikehald.

### Rekruttering, bemanning og arbeidstilhøve

Planmessig rekruttering av medarbeidarar til kyrkjemusikaryrket er ei stor utfordring for Den norske kyrkja. Kyrkja si kulturmelding tilrår "... at alle landets kirkemusikere blir pålagt å ha minst én orgelelev" ("Kunsten å være kirke", 2005, s. 209). Ansvaret for rekruttering ligg både hos kyrkjemusikarar, sokneråd, fellesråd og sentrale kyrkjelege organ.

Lokal rekruttering handlar om målretta arbeid mellom barn og unge. Det største rekrutteringsgrunnlaget for kyrkjemusikarar er deltaking i kyrkjelege aktivitetar, og då oftast gjennom kontakt med kyrkjemusikk. Undervisning i klaver- eller orgelspel er framleis ein vanleg inngang til kyrkjemusikaryrket. Men deltaking i kor og ulike instrumentgrupper i og utanfor kyrkjelydsarbeidet er også moglege vegar inn til interesse for kyrkjemusikk som fag.

Kyrkja sitt arbeid med trusopplæring er ein stad der unge menneske kan finne sin plass i et kyrkjemusikalsk arbeid. Her er det ikkje berre kantoren som har ei oppgåve. Alle kyrkjelege tilsette må samhandle med same mål for auga. Initiativ til opplæring og rekruttering treng oppmuntring og oppfølging av arbeidsgivaren gjennom tilrettelegging der det blir teke omsyn til lokale forhold. Dette er fellesrådet sitt ansvar. Her er det viktig med respekt for kompetanseområde og grenser hos den enkelte kyrkjemusikaren.

Samarbeid med skular og kulturskular er viktig i rekrutteringsarbeidet. Fellesråda og sokneråda må leggje til rette for at kyrkjeorgelet kan brukast til øving også av barn og unge. Det er ein sterk motivasjonsfaktor at unge orgelspelarar får høve til å bruke orgelet i kyrkja og blir oppmuntra til å spele på konsertar og gudstenester. Kontakt med andre unge med den same interessa verkar òg motiverande. Regionale orgelklubbar og kurs for unge orgelspelarar

er gode tiltak. Om ikkje dei unge orgelspelarane endar opp som kyrkjemuskarar, gir kontakten med orgelet og kyrkjemusikken ei eiga erfaring og eit spesielt forhold til kyrkja.

Bemanningssituasjonen handlar også om å ta vare på kvalifisert arbeidskraft. Kyrkjemusikaryrket skal ha gode rammevilkår og stillingsstorleikar som motverkar at kyrkjemusikarar sluttar i tenesta og går over til anna arbeid. Kyrkjelege arbeidsgivar har ansvar for å gjere kyrkja til ein attraktiv arbeidsplass ved å tilby gode arbeidstilhøve, etterutdanning og anna fagleg utvikling, og økonomi til den kyrkjemusikalske verksemda.

### *Utfordringar*

- Finne ut kva som kan gjerast for å auke rekrutteringa til kyrkjemusikarteneste lokalt
- Leggje til rette for at kyrkjemusikarar og frivillige i kyrkjemusikalsk teneste kan gjere sitt beste innanfor verksemda i kyrkjelyden
- Opprette kyrkjemusikkutval i soknet
- Drøfte om det er god balanse mellom vokal- og instrumentalmusikk i konsertar, gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Leggje ein plan for godt vedlikehald av instrumenta i kyrkja

## **Kapittel 4: Kyrkjemusikk i praksis – lokalt planarbeid**

### **4.1 Innleiing**

Forslaget til lokal kyrkjemusikkplan som blir presentert her, er eit forslag som inneheld eit breitt spekter av aktivitetar. Kvar enkelt kyrkjelyd lagar sin plan ut frå sine ressursar og prioriteringar. Dette forslaget er tenkt som hjelp i det lokale planarbeidet og er difor meir omfattande enn den lokale planen blir. Forslaget er sortert etter denne strukturen: målsetjing, viktige spørsmål og lokale tiltak. Denne disposisjonen er tenkt som hjelp i prosessen med å lage planar lokalt. Underpunkta viser til tilsvarande punkt i kapittel 3 i planforslaget.

Kyrkjelova § 9, 2. leddet, føreset at kyrkjelyden har sin eigen lokale plan for kyrkjemusikk. Før ein slik lokal plan blir utarbeidd, må ein kartleggje kva slags kyrkjemusikalsk arbeid som alt finst i kyrkjelyden, og kva for ressursar som finst eller som kan vere tilgjengelege.

Det kan vere nyttig å spørje: Kva har vi av kyrkjemusikalsk arbeid som kan leggjast inn i planen? Kva for delar av verksemda ønskjer vi å utvide, eventuelt redusere? Kva kan realiserast på kort sikt, og kva må vi ha eit lenger tidsperspektiv på?

Eit aktivt kyrkjemusikkarbeid vil truleg auke behovet for frivillige medarbeidarar og gjer det nødvendig å tenkje igjennom stillingsressursane. Dersom kyrkjelyden ønskjer å byggje opp eit omfattande korarbeid, kan det i samråd med kyrkjemusikaren bli nødvendig å hente inn eksterne krefter, til dømes korleiarar.

### **Ulike ansvarsnivå**

- Kantoren leier dei kyrkjemusikalske aktivitetane i kyrkjelyden og skal vere med på å forvalte og gjere levande tradisjonelle og nye kyrkjemusikalske verdiar. Han eller ho skal òg bidra til breidd og kvalitet i det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet og har medansvar for å rekruttere, utruste og rettleie frivillige medarbeidarar (frå tenesteordninga).

- Soknerådet har ansvar for å innarbeide og utvikle kyrkjemusikken i soknet (§ 9 i kyrkjelova).
- Fellesrådet har arbeidsgivaransvar og forvaltar dermed ein viktig ressurs i det kyrkjemusikalske arbeidet. Gjennom ansvaret for overordna mål og planar har fellesrådet òg søkjelys på kyrkjemusikken i kyrkja (§ 14 i kyrkjelova).
- Bispedømerådet skal ha merksemda si vend mot alt som kan gjerast for å vekkje og nære det kristelege livet i kyrkjelyden og fremje samarbeid mellom sokneråda og andre grupper i bispedømet (§ 23 i kyrkjelova).
- Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet førebur og vedtek strategiar for det kyrkjemusikalske arbeidet på nasjonalt nivå.

### **Tverrgåande perspektiv**

Dei tverrgåande perspektiva nedanfor er med i alt arbeid i Den norske kyrkja og må prege det lokale planarbeidet:

- menneskeverd og menneskerettar
- kjønn og likestilling
- kulturelt mangfald og rettane til urfolk
- kontakt og samarbeid med andre kyrkjer
- tilrettelegging for og inkludering av menneske med fysiske funksjonshemmingar og menneske med utviklingshemmingar
- rekruttering og frivillig teneste

### **Hovudmål**

Hovudmåla for kyrkjemusikken kan til dømes uttrykkjast slik:

- Musikken skal invitere til refleksjon kring kristen tru, både ved å styrkje og å utfordre.
- Kyrkjemusikken i vår kyrkjelyd skal gi relasjonane mellom Gud og menneske kunstnarlege uttrykk.
- Kyrkjemusikken i vår kyrkjelyd skal ha som mål å styrkje banda mellom innbyggjarane i soknet og eiga kyrkje.

## **4.2 Gudstenester og kyrkjelege handlingar**

### **Mål**

- Musikken skal tilføre gudstenesta ein kunstnarleg og estetisk dimensjon.
- Musikken i gudstenestene og kyrkjelege handlingar skal inspirere til deltaking og engasjement. Musikken i gudstenesta skal stimulere salmesongen i kyrkjelyden.
- Kyrkjelyden skal leggje til rette for at alle som kjem, møter eit musikalsk uttrykk som dei er fortrulege med. Musikken skal vere berar av nyskaping og tradisjon.

### **Viktige spørsmål**

- Korleis kan ein ta vare på det kyrkjemusikalske arbeidet ved førebuing og gjennomføring av gudstenester?
- Korleis kan ein ta vare på kontakten mellom pårørande og kyrkjeleg tilsette på best mogleg måte i samband med kyrkjelege handlingar?
- Korleis kan ein leggje til rette for at kyrkjelyden sine eigne song- og musikkressursar får utfalde seg i gudstenestelivet?

### **Tiltak**

- Utarbeide heilskaplege planar for gudstenestelivet i kyrkjelyden, eventuelt opprette gudstenesteutval for mellom anna å lage slike planar
- Sikre gode rutinar for å opprette tidleg kontakt mellom dei tilsette og pårørende eller brudepar
- Sikre god kommunikasjon mellom dei ulike musikkmiljøa i soknet. Det kan vere aktuelt å opprette musikkutval for å koordinere dei ulike musikalske ressursane i kyrkjelyden.

## **4.3 Korverksemd**

### **Mål**

- Kyrkja sine kor og andre kor i lokalsamfunnet skal jamleg ta del i kyrkjelege aktivitetar.
- Kyrkja sine kor skal vere opne fellesskapar, med rom for vekst og utvikling.
- Ein vil bruke korverksemd som ein del av trusopplæringa i soknet.

### **Viktige spørsmål**

- Korleis kan ein finne gode samarbeidsformer med kor i lokalsamfunnet?
- Kva type kor treng kyrkjelyden, og kva er det mogleg å få til?

### **Tiltak**

- Sjå på kva for ressursar som finst når det gjeld korleiing, både frivillige og tilsette
- Lage ein plan for korleis kor kan vere med i kyrkjelege samanhengar
- Ta initiativ til å starte med kor når tilhøva ligg til rette for det

## **4.4 Samarbeid med barnehage, skule og kulturskule**

### **Mål**

- At barnehagen, skulen og kulturskulen skal oppleve kyrkja som ein god samarbeidspartnar og ein arena for musikalsk utfolding
- At barn skal bli glade i song og musikk

### **Viktige spørsmål**

- Korleis kan ein få i stand samarbeidsopplegg kring høgtider?
- Korleis kan ein skape interesse for orgelet?
- Korleis kan barn involverast i både førebuing og gjennomføring av ei enkel gudsteneste?
- Korleis kan ein formidle songgleda og songskatten?
- Korleis kan ein i samarbeid med skular arbeide med bibelforteljingar?
- Korleis kan ein oppmode til samarbeid om konsertverksemd?
- Korleis kan ein organisere eit tilbod om undervisning?

### **Tiltak**

- Kyrkjemusikaren er med i timar på skulen eller i samlingsstunda i barnehagen og er ansvarleg for innlæring av songar som er aktuelle for høgtida.
- Barna får omvising i og omkring orgelet. Kyrkjemusikaren demonstrerer instrumentet, og ein syng songar eller salmar som høver.
- Øve inn og bruke bibelspel og barnemusikalar som er skrivne over kjende bibelforteljingar
- Musikkskulen legg til rette for konsertverksemd med egne elevar.

- I tillegg til undervisning kan ein hjelpe til med å produsere god, skriftleg informasjon om opplæring, om vidareutdanning og om yrket som kantor.
- Undersøkje om det er det mogleg med nye samarbeidstiltak
- Kyrkjemusikarane legg til rette for samarbeidstiltak med skulen innanfor ramma av Den kulturelle skulesekken.
- Samarbeide med kulturskulen om orgelundervisning

## 4.5 Konsertar

### Mål

- Gjennom konsertverksemd skal vi nå eit breitt publikum.
- Gjennom ulike typar konsertprogram vil vi vise mangfaldet i kunstnarlege uttrykk.

### Viktige spørsmål

- Korleis kan ein gjere dei ulike konsertarrangørane merksame på at vår kyrkje kan brukast som konsertlokale?
- Korleis kan rutineane for konsertverksemda gjerast klare og forståelege?
- Korleis kan ein få finansiell støtte til konsertar og utnytte støtteordningane?

### Tiltak

- Orienter seg om korleis ein kan få til regionalt samarbeid om konsertverksemda i regionen
- Søkje samarbeid med musikarar, både profesjonelle og amatørar
- Lage brosjyre der ein presenterer reglar for utleige av kyrkja
- Lage oversikt over aktuelle støtteordningar
- Utarbeide eige budsjett for konsertverksemda

## 4.6 Instrument og bemanning

### Mål

- Kyrkjelyden skal ha tenlege og funksjonelle instrument med høg kvalitet.
- Kyrkjelyden skal ha kompetent arbeidskraft til å realisere fastsette planar og mål.

### Viktige spørsmål

- Er det behov for fornying eller vedlikehald av instrumenta i kyrkja?
- Trengst det meir personale til å ta seg av leiing og utøving innanfor kyrkjemusikkfeltet?
- Er utgiftene til den kyrkjemusikalske verksemda innarbeidde i soknet sitt budsjett?

### Tiltak

- Utarbeide handlingsplanar og informere om behov for nye innkjøp eller restaurering av instrument
- Syte for gode avtalar for vedlikehald på instrumenta
- Syte for god dialog med kommunen når det gjeld løyvingar til kyrkjeleg verksemd
- Syte for å rekruttere både frivillige og nye arbeidssøkjjarar i tråd med vedtekne satsingsområde
- Syte for å utarbeide ein plan for gjennomføring av kompetansehevande tiltak
- Syte for at tilsette og frivillige får høve til å vere med på kurs og konferansar der aktuelle tema blir tekne opp